

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: SOLA STRAND HOTEL

MØTETIDSPUNKT: 07.03. 2017, KL. 1000 - 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Lise Strømme	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Tone B. Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne	Medlem
Henden	

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør

Baard-Christian Schem, fagdirektør

Per Karlsen, økonomi og finansdirektør

Bente Aae, kommunikasjonsdirektør

Ivar Eriksen, eigardirektør

Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Torunn Nilsen, styresekretær

.....

I forkant av styremøtet var det styreseminar om IKT og teknologi med presentasjon av Helse Vest IKT AS ved administrerende direktør Erik M. Hansen, med mellom anna følgjande tema:

- Pasienten sin tilgang til eigen journal, både innan somatikk og psykisk helsevern
- Tilgang på tvers
- Systemutvikling i Helse Vest
- Robotisering
- Datasikkerheit
- Infrastruktur

- Risiko og sårbarheit
- Ein innbyggjar ein journal i vest

Sak 024/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Olin Johanne Henden og Tone Berntsen Steinsvåg hadde meldt forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt/delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt/delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet (Sendt ut til styret 24/2 og delt ut i møtet)
- Styresak 031/17 Høyring – Nasjonal fagleg retningslinje for kompetanse og kvalitet i nyfødt og intensivavdelingar (Sendt ut til styret 2/3)
- Styresak 032/17 Plan for internrevisjonen 2017-2018 (Sendt ut til styret 2/3)
- Styresak 033/17 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2016 (Sendt ut til styret 2/3)
- Styresak 034/17 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 06.12.2016 (Sendt ut til styret 2/3)

Saker til eventuelt :

Følgjande sak var meldt til eventuelt:

Orientering om faktaundersøking i Helse Førde (TG)

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 025/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 02.02. 2017 og 20.02. 2017

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 2. februar 2017.
2. Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 20. februar 2017.

Sak 026/17 Administrerande direktør si orientering

- **Rapportering tilsynssaker**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

- **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- **Oversikt over aktuelle høyringar**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF**

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. **Lise Strømme**, Helse Bergen, jordmor, KTV Helse Vest
2. **Bente Pilskog**, Helse Bergen, KTV Helse Vest
3. **Tom Guldhav**, Helse Førde, overlege

Varamedlemmar:

4. **Jan Erik Nilsen**, Helse Stavanger, sjefssjukepleiar
5. **Arvid Storegjerde**, Helse Fonna, spesialhjelpepleier, klinikktilitsvalt
6. **Tove Elise Johansen**, Helse Fonna, funksjonsleiar
7. **Alexander Seldal**, Helse Stavanger, overlege
8. **Rolf Unneland**, Helse Bergen, driftsleiar, FTV

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2017, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

- **Tvungen lønsnemd Spekter og legeföreninga**
Administrasjonen orienterte om resultatet av tvungen lønsnemd og vidare prosessar for dialog for å etablere gode løysingar framover.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 027/17 Rapportering frå verksemda per januar 2017

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Kort status pr januar 2017	Nasjonalt mål	Helse Vest
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	0,4 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60	58
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	60	47
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	60	43
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	60	30
Fristbrot behandla pasientar	0 %	2,9 %
Prosentdel korridorpatientar somatikk	0 %	1,8 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	84 %
Epikrisetid somatikk	100 %	85 %

Tabellen viser grad av måloppnåing pr januar i høgre kolumne og for desember i venstre kolumne.

Kort status pr januar 2017	Regionalt mål	Helse Vest		Helse Stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF	
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %		0,4 %		2,3 %		1,6 %		-0,9 %		-0,5 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60		58		62		57		57		52
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	35		47		51		49		45		35
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	40		43		46		40		48		33
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	35		30		22		24		19		40
Fristbrot behandla pasientar	0 %		2,9 %		2,6 %		2,8 %		3,7 %		0,3 %
Prosentdel korridorpatientar somatikk	0 %		1,8 %		2,7 %		2,6 %		1,3 %		0,4 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %		84 %		74 %		85 %		94 %		94 %
Epikrisetid somatikk	100 %		85 %		80 %		79 %		90 %		96 %
Samla sjukefråvær	5,5 %		7,4 %		7,4 %		7,4 %		7,8 %		6,0 %

Tabellen viser grad av måloppnåing pr januar i høgre kolumne og for desember i venstre kolumne. Sjukefråværet gjeld november og desember. Oversikt over grenseverdier er presentert i vedlegget.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Januar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	1 497	1 387	110
Helse Bergen HF	11 455	14 199	-2 744
Helse Fonna HF	2 523	3 333	-810
Helse Førde HF	-142	1 250	-1 392
Helse Stavanger HF	5 503	6 667	-1 164
Reservar/fellestener/finans	38 416	23 996	14 420
Administrasjon morselskap	1 664	-120	1 784
Helse Vest IKT AS	-3 516	-4 523	1 007
Til saman	57 400	46 189	11 211

Alle tall i heile tusen

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2017 til etterretning.

Sak 028/17 Styringsdokument 2017 til HF-a og Helse Vest IKT AS

Oppsummering

Styringsbodskapsen til helseføretaka og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom eit heilskapleg styringsdokument. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om mellom anna bruk av midlar, og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Helse Vest RHF legg vekt på å følgje opp det som står om *mål og andre* oppgåver for 2017 i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet. Dei tre overordna styringsmåla for 2016 blir vidareført, og Helse Vest RHF skal innrette verksemda si med tanke på å nå desse måla i 2017:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2017 for Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 07.03.2017.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2017 for Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 07.03.2017.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2017 for Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 07.03.2017.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2017 for Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 07.03. 2017.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2017 for Sjukehusapoteka Vest HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 07.03.2017.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2017 for Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget lagt fram for styret 07.03.2017.
7. Styra i helseføretaka/Helse Vest IKT AS må følgje opp budsjetta og dei resultatmåla som er gitt.

Sak 029/17 Årleg melding 2016

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske måla er innfridd.

Styret hadde følgjande justeringar til årleg melding:

Styret ønskja eit avsnitt om arbeidet med å rekruttere og utvikle kvinnelege leiarar, samt ein tabell som viser talet på kvinnelege leiarar i Helse Vest.

Styret ønskja og eit avsnitt som tydeleggjer at arbeidet med å gjennomgå tenestetilbodet innan psykisk helsevern har hatt fullt fokus, og at månadleg rapportering om tvangsbruk er gjennomført frå årsskiftet

Styret presiserte også målet om at fleire stillingar skal lysast ut som 100% stillingar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente forslaget til årleg melding for 2016, med dei endringane som kom fram i møtet og oversender meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tok årleg melding for 2016 frå det regionale brukarutvalet i Helse Vest til orientering.

Sak 030/17 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF

Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tok til etterretning følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 10. januar 2017
- b. Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF
- d. Fullmaktstruktur for Helse Vest RHF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseføretak»
- f. Ethiske retningslinjer for Helse Vest
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjøreelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

Sak 031/17 Høyring – Nasjonal fagleg retningslinje for kompetanse og kvalitet i nyfødteintensivavdelingar

Oppsummering

Helsedirektoratet har sendt på høyring forslag til nasjonal fagleg retningslinje for kompetanse og kvalitet i nyfødteintensivavdelingar.

Retningslinja skal bidra til å styrke kvaliteten, harmonisere tilbodet i heile landet og hindre uønska variasjon. Nasjonal fagleg retningslinje omhandlar organisatoriske og administrative aspekt, og er ikkje meint som retningslinje for behandling av sjuke nyfødde.

Det overordna målet for Helse Vest er at barn og nyfødde som treng intensivbehandling, skal få eit trygt tilbod av god kvalitet på rett behandlingsnivå.

Helse Vest er i ei særstilling med to universitetssjukehus som representerer to av landets fire største avdelingar i pasientvolum og fødselstal.

Organisering av intensivtilbodet til barn og nyfødde i Helse Vest blei gjennomgått i 2014. Styret i Helse Vest vedtok at både Helse Bergen og Helse Stavanger skal utføre intensivbehandling av ekstremt for tidleg fødde, det vil seie barn fødde i 28. svangerskapsveke eller tidlegare. Helse Vest RHF finn ikkje grunnlag for å endre på dette.

Helse Vest meiner at tilrådinga i kap. 2.3 i forslag til fagleg retningslinje bør bli endra i ein mindre kategorisk retning. Vår anbefaling er at det bør vere opp til helseregionen å bestemme organiseringa av tenesta basert på volum, kvalitet, kompetanse og geografiske forhold.

Helse Vest RHF vil også understreke at det medfører auka grad av sårbarheit dersom det berre er ei eining som behandlar denne aktuelle pasientgruppa per helseregion. Der det er stort (relativt sett) pasientvolum og kompetansemessig/kvalitativt grunnlag, bør det etablerast gode backupsystem for kvarandre.

Vedtak (samrøystes)

Helse Vest RHF gir høyringsuttale til *Nasjonal fagleg retningslinje for kompetanse og kvalitet i nyfødteintensivavdelingar* i tråd med forslag til kommentarar tatt inn i styresaka.

Høyringsinnspel knytt til bestemte områder og detaljspørsmål om aktivitet og kvalitet/kompetanse blir gitt i vedlagte tilbakemeldingsskjema frå helseføretaka

Sak 032/17 Plan for internrevisjonen 2017-2018

Oppsummering

Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2017 og 2018. Planarbeidet for kommande periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet og med innspel frå helseføretaka og andre.

Inn i året har vi med oss to revisjonsprosjekt frå førre plan (2016-2017). Dei vil bli ferdigstilte i første halvår 2017. Det gjeld:

- Internkontroll rundt oppfølging av regionale planar
- Forsking som grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring

For perioden 2017 og 2018 er det elles sju tema/prosjekt som i vedlagte planutkast er føreslått prioriterte:

1. Kontraktstrategi og avtaleoppfølging
2. Helseføretaka sine samarbeidsprosjekt i utviklingsland
3. IKT-tryggleik
4. Matforsyning
5. Avansert oppgåveplanlegging
6. Avtalelojalitet i helseføretaka
7. Internkontroll og risikostyring

Revisjonsutvalet hadde planforslaget til behandling 01.02.2017. Følgjande er protokollert :

"Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2017-2018."

Styret peika på at vurdering av risiko for arbeidskriminalitet og korrupsjon bør inngå i alle prosjekt der det er relevant.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente forslaget til ny plan for internrevisjon 2017-2018.

Sak 033/17 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2016

Oppsummering

Det heiter i instruks for revisjonsutvalet at «Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering».

Rapporten følgjer vedlagt og er som tidligare år samla i eit felles dokument. Revisjonsutvalet behandla årsrapporten på møte 01.02.2017. Følgjande er protokollert frå møtet:

«Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet rår styret i Helse Vest til å ta til orientering årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2016.»

Vedtak (samrøystes)

Styret tok årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2016 til orientering.

Sak 034/27 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 06.12.2016

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 6. desember 2016.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpande arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 1. februar 2017.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 06.12.2016 til orientering.

Sak 035/17 Eventuelt

Fakta rapport Helse Førde (TG)

Saka blei diskutert.

Styret tok faktarapporten frå Helse Førde HF til orientering.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 060117 - Rapportering pr. november 2016
- Brev frå Ordførar i Odda kommune til styra i Helse Fonna HF og Helse Vest RHF, dagsett 130217 - Oppmoding til lokalisering av styremøte

- Brev frå Helse Vest til Ordførar i Odda kommune, dagsett 210217 - Svar på brev
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 200217 - Høyringsssvar NOU 2016:25
Organisering og styring av spesialisthelsetenesta
- Møtereferat frå RBU møte 260117

Styret sitt kvarter

Retningslinjer for førebuing og gjennomføring av styremøte i Helse Vest RHF blei gjennomgått.

Torunn Nilsen

07.03. 2017

Terje Vareberg Styreleiar

Lise Reinertsen Nestleiar

Ohene Aboagye Medlem

Gunnar Berge Medlem

Sett:

Tone Berentsen Steinsvåg Medlem

Sett:

Olin Johanne Henden Medlem

Bente Sissel Pilskog Medlem

Lise Karin Strømme Medlem

Tom Guldhav Medlem